



# **FITJAR KYRKJEBLAD**

**NR 2 - MAI 2026  
ÅRGANG 49**



**DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)  
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjeverje

Harald Rydland 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

Sokneprest:

Eli-Johanne Rønnekleiv 906 53 562  
[eliron@fitjar.kommune.no](mailto:eliron@fitjar.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562  
[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335  
[eson@fitjar.kommune.no](mailto:eson@fitjar.kommune.no)

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

Soknerådsleiar:

Mette Lambach 473 76 423  
[mette.lambach@gmail.com](mailto:mette.lambach@gmail.com)

Nestleiar sokneråd:

Svein Lunde 971 59 009

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805  
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedfoto: Presteinnsjetjing - Ole Sandvik

# Påsketid

## Eli-Johanne Rønnekleiv

Vi er i påsketida.

I førti dagar dagar FØR påske hadde vi fastetid. Vi førebudde oss - ein og ein - og i fellesskap - til å møte og ta imot påskebodskapen om vår krossfeste og oppstadne Frelsar. I førti dagar ETTER påskedagen har vi påsketid.



I denne tida blir fellesskapet gjort klar over og førebudd på at han som steig ned, er han som skal stige opp. Difor syng vi i påsketida salmar som inneheld både lovprising, tilbeding og framtid.

### **Paulus skriv i brevet til Efesarane 4,7-10:**

*Til kvar einskild av oss er nåden gjeven, alt etter som Kristi gåve blir tilmålt. Difor heiter det:*

*Han steig opp i det høge  
og førte bort fangar,  
han gav menneska gåver.*

*Men at han steig opp, vil ikkje det seia at han først hadde stige ned til det aller lågaste, til jorda? Han som steig ned, er den same som steig opp, høgt over alle himlar, for å fylla alt.*

### **Påsketid er fellesskap og oppdrag!**

Eg er djupt takksam over mottakinga eg har fått i Fitjar, og påskehøgtida vi fekk feire saman. Og eg kjenner allereie at på Fitjar lever trua i fellesskapet.

Vi har lett for- og til dels tradisjon for- å tenkje om trua som noko personleg. Nærast privat. Jamfør uttrykket å vere personleg kristen.

For nokre år sidan – i verste Covid-tida – tenkte eg ein del på dette: Kva er skilnaden på kristentru i einerom vs i rom med fleire?

Når vi er åleine og står åleine, er vi kanskje trygge t.d. for smitte – det å halde fysisk avstand lærte vi mykje om i Covid-tida.

**Redaksjonelt**



Men åleine er ein også sårbar, einsam, åleine, svakare enn når ein er fellesskap med nokon og står saman med nokon.

Den kristne trua lever i fellesskapet, og etter Jesu oppstode ser vi eit større og større og sterkare og sterkare fellesskap. Frå nokre få stemmer påskedag – til 3000 røyster pinsedag – på ulike tungemål! Det er eit stort **crescendo** som veks fram mot pinsedagen!

Påskedag går nokre få kvinner til grava. Dei er dei første vitna om Jesu oppstode. I si samtid var dei ikkje godkjen-de/verdige/truverdige vitne i juridisk målestokk. Men dei opplevde underet. Dei blei vitna som fekk vitne! Oppdraget dei fekk var dette: Gå og fortell! Fortel til det større fellesskapet! Til dei som har følgt meg – til dei som har vore venene mine.

Nokre av læresveinane sjekkar sannhetsgehalten i vitnemålet til kvinnene. Det stemmer. Kvinnene har vitna sant.

Så er det nokre læresveinar som møter Jesus. Han kjem sjølv til dei når dei er samla. Eller når dei går på vegen. Og når dei får lyst til å dra ut og fiske att.

Fellesskapet blir styrka for kvart møte. Vitnemåla sterkare og tydelegare: Kristus er oppstaden! Ja, Han er sanneleg oppstaden!

Kjære Fitjar kyrkjelyd: Framleis signa påsketid!

## Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

### Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset- Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 5. juni til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

Neste blad kjem etter planen 16. juni. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

### Redaksjon:

- Eli-Johanne Rønnekleiv
- Herman Inge Aadland
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Marie Willemse
- Rolf-Atle Rolfsnes

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet

## Kyrkjeskys

Vil du ha skys til kyrkja?

Då ringjer du ein av desse karane innan laurdag, så ordnar vedkomande med at du blir henta, og at du kjem deg trygt heim etter gudstenesta søndag.

- Johannes Nesse 92 85 02 78

- Nils K. Rydland 90 65 16 17

- Rasmus Fitjar 91 82 41 58

## Presteskiftet og endra arbeidsrutinar

### Eli-Johanne Rønnekleiv

Frå nyttår dette året er det slik at alle prestane som er i fast teneste på øya Stord, deler på å ha tenesteveker, dvs at vi deler på den delen av prestetenesta som handlar om vigslar og gravferder. Vi er no 4 prestar i fast teneste på øya: Jørgen Knudsen (sokneprest i Stord), Olav Johannes Oma (sokneprest i Nysæter), Runar Larsen (ungdoms- og studentprest på Stord) og underteikna som framleis er ganske ny sokneprest i Fitjar.

Arbeidsrytmen er då slik at kvar 4. veke er det eg som har tenesteveke på heile øya med vigselansvar laurdagen, og gravferdsansvar den etterfølgjande veka. I skrivande stund er eg midt i ei slik tenesteveke og ser og innser at i slike veker blir eg mindre tilstades på Fitjar – rett og slett fordi det dør langt fleire menneske på Stord.

Då eg starta på Fitjar, var tenesteveke for våren lagde, og eg gjekk berre inn i rytmen. Planlegginga for hausten er i gong, og eg vonar og trur at denne nye arbeidsrytmen etterkvart også skal gje føreseieleg sokneprestleg nærvær på Fitjar. Om enn på ein annan måte enn Fitjarbuen tidlegare har vore van med.

Eg vil også nytte høvet til å takke Fitjar kyrkjelyd for omsorg i og forbøn for tenesta eg står i – det er allereie godt å vere her!

# Helgaton 2026

## Randi Lønning Matre

Ei flott helg på Helgaton er over for i år!

Ein fin gjeng samlast på fredag til middag, kveldskos og kveldstankar! Det kjennest godt å vere ein del av fellesskapet og glede seg til resten av leiren!

Tema for helga var «Be Safe - Ver Trygg».

Det var ein raud tråd gjennom heile helga i songar og bodskap!

Det såg ut til å bli regn på både laurdag- og søndagsskiturane, men det vart berre nokre få dropar. Til og med solgløtt og påskestemming i matpausen!

Leirkveld med fine aktivitetar for heile familien, og sjølvsgt henteleiken!

Helga vart avslutta med gudsteneste med band, leirkor og bibelforteljing om «Den gode gjetar» Jesus brukar ofte bilete når han snakka til folket, «Eg er den gode gjetar». Å ha Jesus som gjetar i livet er trygt! Ein trygghet for livet her, og ein trygghet som fører deg heilt inn i evigheten!

Set av helga 9.- 11. april 2027 og bli med!



Foto: Solveig Mjanger



Foto: Randi Eiken Brekke

# Konfirmant 2026

## Laurdag 9. mai kl. 11:00

Oliver Brakedal  
Josefine Brenne  
Lukas Helland Gjøsæter  
Bjørn-Are Jakobsen  
Pavlo Kalashnikov  
Dennis Winterthun Nilsen  
Emil Winterthun Nilsen  
Liam Nysæther  
Alexandra Przygocki  
Elena B. Rydland  
Elena Helland Skumsnes  
Jannike Weber

## Laurdag 9. mai kl. 13:00

Marius Ivarsøy Baardsen  
Gard Sandvik Bø  
William Gjøsæter  
Sverre Våge Helland  
Nicholas Oliveira Kleppe  
Aleksander Tveit Lillenes  
Jon Olav Rimmereid  
Sølve Rommetveit  
Jakob Sørffonn  
Tiran Rydland  
Tobias Navdal Vik  
Filip Vik



## Søndag 10. mai kl. 11:00

Elias Bernes  
Guro Dalen  
Magnus Devik  
Olai Koløen Gravdal  
Chris André Nordeide Helland  
Jonathan Torvund Midtsæter  
Helena Skarpnes Røyrøy  
Mar Lourence Amores Tufteland



*«Stiene du aldri gikk  
ligger der ennå»*

— Berit Østbye

*«For eg veit dei tankane eg har  
med dykk, seier Herren,  
fredstankar og ikkje ulukkestankar.  
Eg vil gje dykk framtid og håp.»*

— Jeremia 29,11

## Må din vei komme deg i møte

*(av James Quinn, norsk tekst ved Hans-Olav Mørk)*

*Må din vei komme deg i møte,  
vinden alltid være bak din rygg,  
solens lys leke på ditt kinn,  
regnet falle vennlig mot din jord.  
Og må Guds gode hånd  
verne om deg til vi møtes igjen.*

— Norsk salmebok nr 624

# Presteinnsetjing og kyrkjelydsfest

Søndag 22. mars var ein merkedag i Fitjar kyrkjelyd. Det tok til med innsetjingsgudsteneste i kyrkja. Mange var framømte for å ta godt imot Eli-Johanne Rønnekleiv som vår nye sokneprest. Leiar i soknerådet, Mette Lambach, las det høgtidlege innsetjingsbrevet frå Bjørgvin biskop. Deretter var det prost Arild Steinsland sin tur til å stå for sjølv innsetjinga. Han heldt ein fin og varm liten tale til Eli-Johanne og oss andre framømte. Så overtok den nye soknepresten regien. Trygg, varm og med sentral forkyning stod ho fram for kyrkjelyden. Det var tydeleg at ho var kommen «heim».

**T: Herman Inge Aadland - F: Ole Sandvik**

Etter den fine gudstenesta hadde soknerådet duka til kyrkjelydsfest på Fitjar bedehus. Der vanka det god betasuppe, kaker og kaffi og mange gode ord. Festen inneheldt både takk og velkomst. Olav Oma vart varmt takka for si mangeårige og stødige teneste i kyrkjelyden, og Eli-Johanne Rønnekleiv vart like varmt ynskt velkommen. Eit av høgdepunkta var då dei to sokneprestane song deler av Fitjarsongen som duett. Begge er framifrå songarar. Soknerådsleiaren hadde gode og velforma ord til begge. Det same hadde Ingebrigt Sørfonn frå Fitjar indremisjon.

Eit anna fint innslag på festen var Karine Lillenes si framføring av Sting sin vakre song, «Fields of gold». I det heile var det ein fin og samansveisande fest. Slike høve oppmuntrar og bind kyrkjelyden saman på ein god måte. Takk til soknerådet som gjorde dette så saumlaust og bra!



# Godt motteken salmekveld

**Torsdag 26. mars var Fitjar kyrkjekor hovudaktørar på temakvelden i Fitjar kyrkje. På programmet stod eit breitt spekter av nordiske påskesalmar. Nokre av desse var velkjende, medan andre var nye for tilhøyrarane. Kyrkjekoret hadde arbeidd godt med stoffet gjennom vinteren, og det kjendest som ei stor glede å få dela det med bygda denne kvelden. Gleda var også stor over at så mange ville vera med på dette.**

## Herman Inge Aadland

I vekene før konserten hadde koret hatt eit par seminarøker saman med tenoren og musikk læraren Arne Kvarven frå Bømlo. Me kjende han frå tidlegare samarbeid og visste at dette ville bli kjekt. Og me vart ikkje skuffa. Kvarven er etter vår meinig ein av dei dyktigaste klassiske songarane i Sunnhordland. Noko han også fekk vist denne kvelden. Han var nemleg solist med koret på fleire av salmane. I tillegg framførde han ein arie frå Matteuspasjonen av J. S. Bach til nydeleg pianoakkompagnement av Benedicte Meyer. Vakkert!

Kyrkjekoret har for tida berre tre songarar i mannsrekke. Dette er sårbart, men det vert fint kompensert med flotte arrangement, spesiallaga for koret av Svein Tørnquist. Han har ein eigen evne til å laga melodiose og meningsfulle stemmer både til alt og baryton. Det er godt å syngja det han lagar.

Salmane frå Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Island gjekk heim hos tilhøyrarane. I alle fall var det dei sa til oss. Stemninga på vegen fram mot påske vart sett på ein fin og verdig måte. Og Arne Kvarven sa at dette gav meirsmak. Han kjem meir enn gjerne attende til Fitjar og samarbeid med kyrkjekoret.

Etter konserten bar Eli Simonsen fram takk til dirigent Benedicte Meyer, arrangør Svein Tørnquist, solist Arne Kvarven, kantor Jan Overweg, kyrkjekoret, tekniskar for kvelden, Svein Lunde og ei lydhøyr og syngjande forsamling.



## Hallgrímur Petursson (1614 - 1674)

**På temakvelden i Fitjar kyrkje 26. mars fekk kyrkjelyden høyra nordiske påskesalmar, sunge av Fitjar kyrkjekor. Ein av desse salmane var skriven av den islandske salmeskalden Hallgrímur Petursson, og eg vil her utdjupe det Herman Inge fortalde då han presenterte salmen. Hallgrímur var utan tvil den største islandske diktaren på 15-1600-talet.**

## Karvel Strømme

Staden Holar på Nord-Island, der Hallgrímur voks opp, var eitt av dei to bispeseta på Island. Holar hadde rike kulturtradisjonar, og var eit viktig andeleg sentrum. Hallgrímur skal ha byrja tidleg å dikta, men kjeldene seier at i dikta frå den tida omtalar han folk på heimstaden lite positivt, og at han anten vart jaga frå staden eller strauk i veg med eit utanlandsk skip, og det enda med at han havna i København, der han først kom i smedlære. Seinare fekk han hjelp av biskop Brynjólfur på bispesetet Skálholt på Sør-Island, til å koma inn på ein latin-skule i København.

-->

Hallgrímur var ein dugande elev, og det enda med at han nådde fram til studenteksamen i 1637. På denne tida kom det til København ein flokk islendingar som hadde vore i fangenskap i Algerie. Muhammedanske sjørøvarar (som islendingar kalla Tyrkjar) hadde i 1627 rana langs heile sørkysten av Island, særleg på Vestmannøyane, der dei drap mange og førte med seg 400 personar til slavemarkedet i Alger. Her vart dei selde som slavar, men 10 år seinare vart 50 av dei kjøpte fri av dansk kongen og kom attende til København. Seinare vart denne dramatiske hendinga kalla «Tyrkja-ranet», og ho har sett mange spor etter seg i islandsk litteratur.

Desse 50 islendingane hadde vore lenge borte frå kristen påverknad, og Hallgrímur fekk den oppgåva av kongen å undervisa dei i kristendom. Ei kvinne i flokken heitte Gudridur Simonardóttir, og ho vart seinare kalla «Tyrkja-Gudda». Hallgrímur vart forelska i den seksten år eldre Gudridur, og dei fekk eit barn saman. Hallgrímur braut av teologi-studiet, og saman med Gudridur drog han heim til Island, der han etter sju tunge år vart vigd som prest til Hvalsnes, ytst ute på Reykjanes, takk vera biskop Brynjólfur. I 1651 gav biskopen han kallet Saurbær i Hvalfjorden, som var eit betre kall, og der vart han verande til han døyddi av lepra (isl. *holdsveiki*) i 1674. Han var ca 50 år då han vart ramma av sjukdomen, og måtte slutta som prest i 1669. På Saurbær vart det i 1957 reist ei kyrkje til minne om Hallgrímur, og ho har same namn som den store Hallgrímskyrkja midt i Reykjavík sentrum.

Hallgrímur ruvar høgt i islandsk dikting, på same måten som Petter Dass i Noreg, for dei hadde det felles at dei begge var folkelege i diktinga si. I den verdslige diktinga til Hallgrímur er det både breidd og saftig realisme, slik som hos Petter Dass, og på den måten er han det islendingane kallar «krafta-skald»; diktar med magiske evner.

Lagnaden til det islandske folket på denne tida kvilte tungt på Hallgrímur, for Island låg under eit hardt dansk vanstyre. Eit grotesk handelsmonopol drog folk ned i økonomisk elende, og straffa for dei minste lovbrota var umenneskelege.



*Hallgrímskyrkja i Hvalfjörður ligg i bygda Saurbær i Hvalfjarðarsveit, på Vest-Island, nordvest for Reykjavík*

Med denne bakgrunnen var det Hallgrímur skreiv dei religiøse salmane sine, og det er med salmediktinga Hallgrímur når dei største høgdene. Dei vakraste salmane hans er rike på varme og djup religiøs tenkning, og når det gjeld minnedikt og gravsongar, skreiv han så djupt og inderleg at ingen har nådd lenger i religiøs dikting på Island.

Året 1659 avsluttar Hallgrímur hovudverket sitt, Passius-salmar (Pasjons-salmar), ei samling på 50 salmar om Jesu lidning, frå Getsemane til gravlegginga. Då var han allereie hardt ramma av den dramatiske sjukdommen lepra, noko som avspeglar seg tydeleg i desse salmane.

Tidleg på året 1660 skriv han dei opp i nokre eksemplar og sender dei til gode vener. I 1666 kom dei først ut på trykk, og seinare er dei komne ut i fleire utgåver enn noko anna islandsk bok. Pasjonssalmane er blitt allemannseige på Island, høgt elska og lærde utanåt. Dei har vore lagde i kister til døde, og i fastetida har det vore skikk å lesa ein salme for kvar dag. Det islandske folket har sett seg sjølv i Hallgrímur, og han såg opp til Jesu lidning som den store forløyisinga for menneskeslekta. I salmane fører han oss over i sin eigen livssituasjon, der han kjempar med sjukdomen som endar med døden i 1664.

I 2019 var det i St. Jørgen-kyrkja i Bergen eit arrangement med tittel: «Ein leprasjuk salmediktar og nord-afrikanske sjørøvarar». Der deltok m.a. Osternes mannskor og song tre av Pasjons-salmane ...på islandsk!

Me er framleis i påsketida! Kvar Langfredag blir alle dei 50 Pasjonssalmane opplesne frå alteret i Hallgrímskyrkja i Reykjavík, av kjende islandske forfattarar og artistar. På denne måten minnst Island sin store salmeskald!

# Borna sin påskefest

Ja, sanneleg vart det fest, ikkje berre for borna, men for heile den fullsette kyrkja. Sokneprest Eli-Johanne og kyrkjelydspedagog Randi var i storform. Det same var Elin Sørfonn og bandet hennar. Dei vert forresten berre betre og betre.

**T: Herman Inge Aadland - F: Ole Sandvik**

Tekst og tema for dagen var læresveinane sin kjempefangst etter det som hadde vore ei sørgjeleg natt på Genesaretsjøen. Brått var karane i bandet blitt fiskarar, altarringen båt, preikestolen utkikksmast, og Randi vikar for Jesus. Og natta sin fiasko på sjøen vart til kjempefangst! Borna hadde laga 153 flotte fiskar. Dei fylte garnet så det heldt på å rivna. Stemninga i kyrkja var til å ta og føla på.

Og så var det Fitjar barnegospel då! Koret har vel til tider vore større, men krafta og songgleda var på topp. Å høyra og sjå desse songarane er berre eit eventyr. Og like kjekt er det å sjå på foreldre, besteforeldre og heile kyrkjelyden. For er det noko som får smil og begeistring fram i oss, så er det synet og lyden av desse små!

Dette var berre utruleg kjekt og vakkert. Det var livleg og humørfyllt, men det var likevel på ingen måte noko show. Her var me med på noko ekte, stort og levande. Kjensla etterpå var berre glede og stor takk – både til Gud og menneske. Dette var verkeleg GUDSTENESTE med store bokstavar.

*Svar på gåta som vart presentert i gudstenesta "Kvifor hadde Jesus ein hammar i beltet?" - Fordi han var tømrrar, ikkje fiskar.*



# KONFIRMAN\* 2027

## VELKOMEN SOM KONFIRMANT I FITJAR KYRKJE

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av. Me håper du vil vere konfirmant hos oss!

## KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan tyde både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når me ber ei bøn for deg. I bøna ber me Gud om å velsigne deg og å styrkje deg på din veg vidare i livet. Det viktigaste med konfirmasjonstida er å vere ein del av eit fellesskap og bli betre kjent med den kristne trua. Konfirmasjonen er påminning om at Gud i dåpen sa ja til å vere ein del av ditt liv.

## KONFIRMASJON ER FOR ALLE

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja– både du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før, eller er nysgjerrig.

Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, kan de ta kontakt med kyrkjelydspedagog Randi L. Matre på tlf 95138562 eller e-post rama@fitjar.kommune.no.

Saman med konfirmanten og føresette finn me ut korleis me kan gi deg det beste tilbodet.



Foto: Copilot

## KONFIRMASJONSTIDA HOS OSS

Det er ulike samlingar i kyrkja gjennom året. Samlingane er i grupper rett etter skuletid. Samlingane startar med eit enkelt måltid. I samlingane vil me utforske ulike tema om trua, bibelen, Gud, Jesus og Den heilage ande.

De kan velje mellom to alternativ

- 1: Tysdagar kl.14.15-15.45
- 2: Onsdagar kl.14.15-15.45

## SEMESTERAVGIFT

Det kostar kr 1.000,- i halvåret å vere konfirmant. Det dekkjer blant anna mat, materiell til samlingane og utflukter.

## KONFIRMASJON OG DÅP

Er du ikkje døypt og lurer på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja? Klart du kan, og du er heller ikkje åleine! Over tusen ungdomar vert døypte kvart år i forkant av konfirmasjonen. Du får informasjon på førehand, og på sjølve dåpsdagen har du med deg dine næraste til ein fin seremoni.

## PÅMELDING

Gå inn på [www.kyrkja.no/fitjar](http://www.kyrkja.no/fitjar) og fyll ut skjema for innskriving under fana «konfirmant». Dersom du ikkje veit alt som skal fyllast inn, skriv det du veit og send inn, så ordnar me det som manglar seinare. Ynskjer de spesiell tilrettelegging, ynskjer vi også informasjon om dette tidleg.

## INFORMASJONSMØTE I FITJAR KYRKJE

**ONSDAG 10. JUNI kl. 17.30**

Dette er for føresette og konfirmanten.  
Frist for å melde seg på er 12. juni

# Tentreff

Fredagskveldar kl. 21.00 samlast ungdomar på Fitjar bedehus frå 8. trinn og oppover. Dei kjem for ein andakt, musikk og brustrekning. Dei et saman ein god fredagstaco eller hamburgerar, før det er ulike aktivitetar rundt på huset.

## Randi Lønning Matre

Det er ein god gjeng med vaksne som står rundt desse fine ungdommane. Dei set på varme, har andakt, handlar og lagar mat, styrer lyd og bilete, set opp bilspel i kjellaren og vaskar golv, for å nemne noko.

No er det fleire av dei vaksne som gir stafettpinnen vidare. Kanskje til deg? Kanskje er det du som kan ta på deg ei oppgåva? Det er meningsfullt å vere med i arbeidet for ungdom på Fitjar! Det er ulike oppgåver, slik at det er noko å gjere for ulike vaksne!

Ta kontakt med André O. Aadland på tlf 481 53 869 om du kan vere, med eller om du har spørsmål.



## Takkofferliste

Dato	Kyrkjedag	Formål	Sum
01.jan	Nyårsdag	Sjømannsmisjonen	kr 7 150,00
04.jan	Kristi openberrings-dag	Framnes KVGS, Lundaneset KVGS, Kongshaug KVGS	kr 8 550,00
11.jan	2. søndag i openberrings-tida	Sunnhordlandsaksjonen NMS	kr 9 550,00
18.jan	3. søndag i openberrings-tida	Jordbruksprosjekt Kenya, WOH	kr 29 700,00
25.jan	4. søndag i openberrings-tida	Stefanusalliansen	kr 10 520,00
01.feb	Såmanns-søndag	Det norske bibelselskap	kr 7 050,00
08.feb	Kristi forklåringsdag	Den norske Israelmisjon	kr 4 850,00
15.feb	Fastelavns-søndag	KUL-kyrkjeleg undervisning og læring	kr 4 258,00
22.feb	1. søndag i fastetida	Misjonsprosjektet, NMS	kr 9 740,00
01.mars	2. søndag i fastetida	Kyrkjelydsarbeidet	kr 8 691,00
08.mars	3. søndag i fastetida	Norges Kristelige Student og skoleungdomslag	kr 6 500,00
15.mars	4. søndag i fastetida	Kyrkjelydsarbeidet	kr 7 050,00
22.mars	Maria bodskapsdag	Barne og ungdomsarbeidet på bedehuset	kr 11 450,00
29.mars	Palmesøndag	KUL, Kyrkjeleg undervisning og læring	kr 4 550,00
02.apr	Skjærtorsdag	Kirkens SOS	kr 5 106,70
05.apr	Påskedag	Misjonsprosjektet NMS	kr 10 050,00
06.apr	2. Påskedag	Kirkens bymisjon Stord	kr 7 071,00

# Kven har lengst fartstid som sokneprest i Fitjar?

Me har nett fått ny sokneprest i Fitjar. På kyrkjelydsfesten, der me takka av Olav og ynskte Eli-Johanne velkommen, vart det snakk om kven som hadde lengst fartstid som sokneprest i Fitjar.

## Harald Rydland

Her er rett svar:

- Herman Inge Aadland, 22 år (1983- 2005)
- John Gunnar Bjørlykke, 20 år (1938- 1958)
- Olav Johannes Oma, 16 år (2006-2025 minus eit avbrekk som sokneprest på Stord)

Utanom desse har det vore 12 sokneprestar i Fitjar frå 1862 og fram til no. Dette kan du lesa meir om i jubileumsboka "Så fast ei borg" frå 2017. Om du ikkje har boka, kan du få kjøpa den for ein rimeleg pris på kyrkjekontoret.



# Lydanlegget i kyrkja

Lydanlegget me har i kyrkja, som vart kjøpt og montert i 2017, har frå tid til anna fuska litt. Skikkeleg gale vart det på første påskedag då det ikkje var råd å få liv i det. Anlegget er av høg kvalitet og er ikkje på nokon måte utgått på dato.

## Harald Rydland

No er heile anlegget saumfare når det gjeld innstillingar og funksjonar. Me oppdaga då noko som har gjort anlegget litt sårbart.

Då leverandøren monterte det nye anlegget, vart det av ulike årsaker rådd til at det skulle vera trådløst samband mellom miksepulten bak i kyrkja og forsterkaranlegget i skapet under preikestolen. Det trådlause sambandet har frå tid til anna fuska litt, slik at det har vore problem å levera god nok lyd.

For tida har me ikkje bruk for dei funksjonane som var knytte til det trådlause sambandet. Difor har me no fått fast kabel mellom miksepulten og skapet framme



i kyrkja. Dette skal vera ei mykje tryggare løysing, så me satsar på god og stabil lyd på arrangementa i kyrkja framover.

Me ynskjer at alle som er i kyrkja, skal få med seg det som vert formidla av tale, song og musikk. Difor vil me gjerne ha tilbakemelding om nokon opplever at dette ikkje er tilfelle.



**Kjære NMS-folk i region Bjørgvin!**

### Storinnrykk i Bergen

I slutten av juni arrangerer Det Norske Misjonsselskap (NMS) sommerfest og generalforsamling på hotellet Scandic Flesland Airport. Under mottoet «Kom, bli med!» samles kirkeledere fra hele verden og misjonsfolk fra hele Norge til innholdsrike og inspirerende dager. For folk i Bjørgvin gir det en sjelden mulighet til å delta på hele eller deler av arrangementet her i vår egen nærhet.

Vi venter at nærmere tusen deltagere samles til fellesskap, tro og engasjement, med rom for refleksjon, feiring og fornyelse. Vi gleder oss til god forkynnelse som utfordrer og oppmuntrer, spennende seminarer som åpner blikket for verden, møter og forhandlinger. Det blir også flotte konserter, både i Grieghallen fredag og på Flesland med Garness lørdag kveld! Det blir eget program for barn og unge og torsdag legges det spesielt til rette for unge voksne.

Vi håper at mange melder seg på. De av dere som ikke har anledning til å være med på hele arrangementet kan kjøpe dagspass eller kjøpe billett til en av konsertene.

Hilsen Bjarne B L Andersen,  
leder for hovedkomiteen

Les mer om programmet for generalforsamlingen og meld deg på her: <https://nms.no/sommerfest-og-gf-2026>



## DIAKONITUR 2026

### Bli med til tekstilindustrimuseet «Salhus Tricotagefabrik»

Me inviterer til ein innhaldsrik dagstur nord for Bergen!  
Opplev historia, maskinene og menneska i det unike fabrikk-  
anlegget i Salhus, vakkert plassert heilt nede ved sjøen.

#### PROGRAM & INFO

- **DATO:** Onsdag 3. juni
- **AVREISE:** Frå Fitjar kl. 09:00
- **PRIS:** Kr 500,- (inkl. reise, omvising på museet, middag m.m.)

#### PÅMELDING

Påmelding frå onsdag 6. mai og innan fredag 15. mai  
Kontakt kontormedarbeidar **Elisabeth Søndena Oma** ved  
kyrkjekontoret på tlf./sms: **452 74 335**.

### Leirar og arrangement på Brandøy

VENTELISTE Vårtreff 28. april-1. mai 2026

Sommarminileir 23.-25. juni 2026

Sommarleir 26.-28. juni 2026

Familieleir 1.-5. juli 2026

Påfyll 7.-9. september 2026

Julejunior 13.-15. november 2026

Ten-helg 20.-22. november 2026

Adventshelg 4.-6. desember 2026

<https://indremisjonssamskipnaden.no/leirar/>

**||| GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20

VAREHUSET  
**RYDLAND**

TLF: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

**ELON** fagmøbler

**Duo**

OPNINGSTIDER:  
Man-tys-fre: .....9-16  
Ons-tor: .....9-18  
Laurdag: ..... 10-14

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

Tlf. 53 49 79 72

**FITJAR KRAFTLAG**

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

**LERØY**  
**SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS  
Kjærelvvegen 55  
5419 Fitjar  
[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)

**Stord**  
**Begravelsesbyrå**  
Tlf. 53 41 64 05

**PORT**  
**STEINGARD**

Port Steingard AS  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**NBK**  
norges bygdekvinnelag

Fitjar  
Bygdekvinnelag

**FBS**

**FITJAR BYGDASERVICE SA**  
BRØYTING - TREFELLING  
TELF: 53 27 72 01 KARL ANDRÉ: 53 77 03 12



**KRÅKO GJESTETUN**

Telefon:  
53 22 26 20 / 414 28 038  
E-post:  
[post@krakogjestetun.no](mailto:post@krakogjestetun.no)



OPRINGSTIDER  
Mån, tirs, fre: ..... 9-16  
Ons, tors: ..... 9-18  
Laur (kun drop-in): 10-13

*Fiks frisyren  
hos oss!*

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

[www.gronavikjo.no](http://www.gronavikjo.no)

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)  
Telefon: 91 82 41 58



Visningscenter  
Mobilnr: 951 89950



**Kontaktinfo:**  
Serina Sørffonn  
902 27 978

**WAAGE ANLEGG**

[www.waageanlegg.no](http://www.waageanlegg.no)  
inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390



Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

[www.interflora.no](http://www.interflora.no)

Blomster - Gaver - Gravsteiner

**Kråko**  
Kråko Utvikling AS



**FILM MEKANISKE VERKSTED AS**

post@filmme.no - 53 46 72 00  
www.filmme.no



**FITJAR**  
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

**SPAR**



**KVERNENES**  
BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar  
Tlf: 940 39 639 - [baatbygg@kvernesbaat.no](mailto:baatbygg@kvernesbaat.no)

**VB**  
VARME & BAD

**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**FOTTERAPEUT**  
med diabetes forjupning

*Liv Heidi Kolbeinsvik*

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



**Fitjar**  
FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

**Videoen**  
Kiosk



**Engevik &**  
**Tislevoll a.s**  
**MESTERHUS**

Telefon:  
53 45 73 00  
E-post:  
[post@engevik-tislevoll.no](mailto:post@engevik-tislevoll.no)

**VERDIG GRAVFERD**

Vakttelefon: 91 80 00 40



**Aarskog**  
**Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

**CARFIX**

**Carfix Fitjar**

Tlf: 53 49 71 21

**progreen**  
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar  
[www.progreen.as](http://www.progreen.as)

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

*Vi følger deg hele livet*



Sal av kraftfor, gjerde-  
matriell og spon

**NESEGUTANE AS**

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700



**ØYA BYGG**  
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

**DANIEL TISLAVOLL**  
[post@oyabygg.no](mailto:post@oyabygg.no)  
456 67 418

**K.VOLDEN**



## Slekters gang

### Døypte:

29.03.  
Ulrik Roelof Van Wyk  
Emil Aarre Aarbø

12.04.  
Elias Bernes  
Helena Skarpnes Røyryø  
Nicholas Oliveira Kleppe

19.04.  
Sander Tufteland Lønning

### Jordfeste:

Johannes Helland  
f. 03.01.1930- d. 06.03.2026

## Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
06.05.	kl.18:00	Samtalegudsteneste	Eli-Johanne Rønnekleiv	
09.05.	kl.11 og 13	Konfirmasjon	Eli-Johanne Rønnekleiv	
10.05.	kl.11:00	Konfirmasjon	Eli-Johanne Rønnekleiv	
14.05.	kl.11:00	Kristi himmelfarts-dag	Eli-Johanne Rønnekleiv	Normisjon
17.05.	kl.11:00	Grunnlovsdag	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kirkens Nødhjelp
24.05.	kl.11:00	Pinsedag	Eli-Johanne Rønnekleiv	Misjonsprosjektet NMS
25.05.	kl.11:00	2.pinsedag, Fitjarfjellet	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kyrkjeleg undervisning og læring (KUL)
31.05.	kl.11:00	Treeinings-søndag	Sven Harald Nilsen	Kirkens bymisjon
07.06.	kl.11:00	2.s. i treeiningstida	Eli-Johanne Rønnekleiv	Wycliffe bibelomsetjing
14.06.	kl.11:00	3.s. i treeiningstida	Eli-Johanne Rønnekleiv	Diakoniarbeidet vårt
21.06.	kl.11:00	4.s. i treeiningstida	Olav Johannes Oma	KABB
28.06.	kl.11:00	5.s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	MF

